



Vemodig.

Esther Irgens om bortgangen til smalahovekongen Ivar L. Løne

# Voss – ei bygd i bevegelse

## Innspel

**GUNN MARIT  
BERGSTRØM**  
FYSIOTERAPEUT,  
VOSS



**D**et er med glede og takk-  
semd eg sykklar gjennom  
vossabygda i skinande  
sol. I det eg sykklar heim frå jobb  
i lokala mine i idrettshallen,  
møter eg på menneske i aktivi-  
tet i alle aldrer og på alle nivå.  
Fotballbanane boblar over av  
ivrige fotballspelarar.

Når eg passerer Prestegards-  
moen, møter eg folk som går,  
joggar eller er i full aktivitet i  
den nye aktivtetsparken og på  
volleyballbanen.

Eg møter òg på folk som går  
på tur, sykklar og er på veg ein  
eller annan stad. Då er det kjekt  
å vita at det og snart vert yrande  
liv av badeglade ungar som nyt-  
tar seg av utebassenget.

**Som fysioterapeut som brenn for**  
fysisk aktivitet og helse, ser eg  
at dette er helsefremjande og  
førebyggjande arbeid på høgt  
nivå. Her kan folk i alle aldrar  
bevega seg fritt etter ynskje og  
behov.

At Vossabadet no ikkje har  
fullt basseng, er ikkje så rart  
med ein strålende flott vinter  
og no ein unik varm mai må-  
nad. Men dette er ikkje kvar-  
dagskost for oss vestlendingar.  
Veret vil snu, og då treng me  
alle ein stad å trekkja inn for å  
få bevega oss, finna på noko sa-  
man med venner og familie el-  
ler få oss ei treningsøkt.

Det er rein glede å sjå at nær-  
ingslivet kjem på banen og  
ynskjer å støtta opp om utebas-  
senget fordi dette bidreg til  
auka aktivitet for folket, og ein  
ser at dette er ein vinn vinn-  
situasjon for alle.

**Eg blir takknemleg** og glad for  
alle som brenn for noko og legg  
ned mykje arbeid og energi for  
å få noko til. Utan entusiasme  
og drivkraft kan ein ikkje skapa  
noko. Utan ein draum eller eit  
mål så har ein ikkje noko å job-  
ba mot. Difor vil eg anerkjenne  
alle som legg ned timesvis av  
arbeid og energi for å få til noko  
ein brenn for.

Utan dykk entusiastar hadde  
vossabygda lege brakk. At Voss-  
abadet no etter åtte månader  
viser raude tall er kanskje ikkje  
så rart. Me må hugsa på at det  
tek tid å byggja opp ei bedrift,  
fire-fem år har eg høyrte dei seier  
til oss som driv eiga bedrift.

Me som er glade i å gå på ski  
har hatt flotte opplevingar i  
Voss Resort, Myrkdalen, Her-  
resåsen, Hamlagrø og andre  
stader rundt om. Me er heldige  
som har så utruleg mange flot-  
te anlegg å nytta oss av, og som



**VELKOMEN TIL VOSS:** I dag er vossabygda fylt opp av Voss Cup-deltakarar med foreldre og støtteapparat, skriv Gunn Marit Bergstrøm. – Det gjer oss rikare å sjå desse små og gleda og entusiasmen dei syner. **ARKIVFOTO: LISA MARIA BREISTEIN SØLVBERG**

me kan tilby tilreisande å bru-  
ka. Dette trekker folk til Voss  
og dette skaper arbeidsplassar.

**Når me løfter** blikket litt og ser  
langtidseffektane av alt det go-  
de som skjer av aktivitet i byg-  
da, er eg sikker på at dette kjem  
til å koma alle oss innbyggjarar  
til gode.

Takka vera Vossabadet får no  
alle ungar symjeundervising  
som gjev trygge born i vatn.  
Dette er med på å førebyggja  
drukningsulukker. Unge og  
eldre som ikkje trivst med å  
springa, gå på ski eller har hel-  
seplager, kan nytta badeanleg-  
ga til å få bevega seg.

Det same gjeld dei flotte ski-  
anlegga, fotballbanane og gym-  
salane me har fått i bygda. De-  
te skaper bevegelse og aktivitet.  
Dette fører igjen til meistring  
og glede. Det er lettare for alle å  
finna aktivitetar som ein trivst  
med og meistarar.

Kan ikkje me sjå det store bi-  
letet, heia på kvarandre og vera  
stolte over alt vossingane får til?

**Når eg møter** folk utanfor Voss,  
får eg ofte kommentarane om  
at «Voss må vera ein fantastisk  
plass å bu» og at folk er impo-

nerte over alt me får til. Og med  
dette i mente, er det med stolt-  
heit og glede eg sykklar gjennom  
Vangen og ser på all den aktivi-  
teten som føregår.

Eg er opptatt av at menneska  
skal vera i fokus. Eg er lei av dis-  
kusjonar om at alt skal gå i pluss  
og om det er raude tall so må me  
rope varsku med ein gong!

**Eg er trøyt**t av alt alt skal dreia  
seg om pengar og økonomi. Eg  
ynskjer meir fokus på mennek-  
set og kva verdibasert leing kan  
skapa av verdi.

Ja – sjølv sagt må økonomien  
gå i balanse – men må det vera  
overskot alltid? Frå fyrste kro-  
ne? Kan ikkje me tenkja meir  
på totalgevinsten? Når folk får  
møtepunkt og samlingsplassar  
som får folk meir i aktivitet, vil  
ein både få bevegelse, sosiale  
felleskap og kjensle av å høyra  
til. Dette skaper trivsel, førebyg-  
gjande helse og rom for at flest  
mogeleg har ein plass å boltra  
seg på.

Ikkje minst vil det trekkja  
meir folk til bygda også både av  
turistar og tilflyttar når ein ser  
at dette er ein kommune som  
ynskjer det beste for sine inn-  
byggjarar. Dette skaper då på

sikt klingande mynt i kassa som  
vil koma alle til gode.

**Som tidlegare langrennsløpar**  
lærte eg at om eg ville bli så god  
som mogleg, måtte eg leggja  
ein langtidsplan. Eg måtte setja  
meg eit mål som eg skulle jobba  
mot der framme.

Alle veit at å komma i topp-  
form, ikkje er gjort over natta.  
Det må leggjast ein strategi og  
ein må dela opp hovudmålet  
sitt i delmål. Dette må kanskje  
gå over fleire år. Slik er det med  
livet også. Dersom me vil opp-  
nå noko må ein setja seg mål og  
gjera det som er nødvendig for å  
nå målet. Utan mål i sikte, mis-  
ter du kva retning du skal gå og  
det skjer ingenting, eller d- et  
blir kaos.

**Så kva retning** vil Voss gå i?  
Ynskjer me å vera ein føregangs-  
kommune med fokus på trivsel,  
glede og moglegheit for beve-  
gelse for alle? Ynskjer me å ha  
menneska i fokus eller ynskjer  
me berre fokus på kva som gjev  
provitt på kort sikt?

Eg har ein draum om at Voss  
skal vera eit fyrstærn for andre  
kommunar der ein satsar på  
menneska i kommunen ved å

leggja til rette for fysisk aktivi-  
tet og trivsel. Dette vil på sikt  
skapa gode ringverknader for  
helsetilstanden i kommunen.  
Eg brenn for fysisk aktivitet  
og helse og veit at ved å vera i  
fysisk aktivitet førebyggjer du  
både fysiske og psykiske plager.

I tillegg gjer det oss gladare og  
me kan førebyggja einsemd hjå  
folk ved at me skaper rom for  
møteplassar. Dette gjeld både  
mellom born, ungdom, vaksne  
i arbeidslivet og dei eldre.

Dette vil igjen redusera ut-  
gifter i helse- og sosialsektoren,  
som då vil påverka økonomien  
positivt ved at desse utgiftene  
går ned.

**I dag er** vossabygda fylt opp av  
Voss cup-deltakarar med fore-  
ldre og støtteapparat. Bygda  
bugnar over av forventningsful-  
le born som gler seg til å spela  
kamp med laget sitt. Dei går på  
banen for å gjera sitt beste, ha  
det moro og få vera sosiale med  
venner.

Det gjer oss rikare å sjå på  
desse små og den bevegelse-  
gleda og entusiasmen dei syner.

Velkomen til Voss – ei bygd  
skapt for bevegelse.

God sommar!